



Praktiske opplysningar til deg som har fått lagt inn dren på grunn av:

HOL PÅ TROMMEHINNA

Innlegging av ventilasjonsrør (dren) inneber at det blir plassert eit lite plastrør i trommehinna slik at det kjem luft inn i mellomøyret.

Denne behandlinga blir gjennomført når det stadig dannar seg slim i mellomøyret eller ved gjentatte mellomøyrebetennelsar.

Slimdanninga kan gi nedsett hørsel, arr og av og til kronisk øyrebetennelse med hol i trommehinna. Målet med behandlinga er å normalisere trykket i mellomøyret og på denne måten betre hørsla.

OPERASJONSDAGEN

ETTER NARKOSE

Å kjenne seg trøtt og svimmel etter narkose er normalt. Dette kan vare til langt på kveld. Derfor må ikke barnet vere åleine eller bli passa på av andre barn operasjonsdagen.

Tørrheit i munnen og raudflamma ansikt

er ei følgje av medikamentet Atropin som blir gitt til barnet under operasjonen for å hindre slim i luftvegane. Kvalme kan førekome.



Barnet kan drikke etter ein time, men vi anbefalar (om vegen heim er kort) å vente, for å unngå at barnet kastar opp i bilen. Det er viktig at barnet drikker så snart det kjem heim.

Har barnet feber over 38,5 °C, ta kontakt med vakthavande ØNH-lege (normalt etter operasjon kan vere fra 38-38,5°C).

Vanlegvis har ikkje barna smerter etter inngrepet. Om barnet tar seg til øyret og verkar som det har vondt, kan du gi Paracet stikkpille eller brusetablett, om barnet tåler dette.

Operasjonsdagen er det normalt at det siv litt væske fra øyret, nokre gonger også spor av blod.



OM BARNET HAR smerter, høg feber eller kastar opp utover ettermiddagen, kontakt vakthavande ØNH-lege ved Haukeland universitetssjukehus på telefon 55 97 50 00.

DEI NESTE DAGANE

Barnet kan gå i barnehage/på skulen og skal normalt ikkje ha ubehag etter inngrepet neste dag.

DREN/ ØYRESKYLJING

Mange barn merker at hørsla blir betre når drenet er på plass. Om det held fram med å sive væske frå øyret neste dag, eller byrjar etter nokre veker eller månader, må ein starte med øyreskyljing.

Sjå egen skylleprosedyre på baksida.

Om det fortsetter å sive etter 4-5 dagar er det viktig å kontakte ØNH-lege. Behandlingstid for dren i øyret er vanlegvis eitt år, men drenet kan dette ut tidlegare.

Det er viktig at barnet går til kontroll hos ØNH lege. Så lenge barnet har innlagt dren i øyrene skal ØNH-lege utføre kontroll.

DUSJING/DYKKING/BADING

- Den første veka etter at dren er innlagt, skal barnet ikkje vaske håret. Dette er for å unngå at såpevatn trenger inn i øyregangane og dannar grobotn for infeksjonar.
- Når barnet badar i sjø, basseng eller badekar skal det ikkje dykke ned så lenge det har dren i øyret då trykket under vatn gjer at det kan kome vatn inn i øyret. Kaldt og ureint vatn i mellomøyret fører til svimmelheit og det vil vere fare for infeksjon.
- Barnet kan bruke ein symjevest for å unngå at det kjem under vatn ved bading. Anbefalar ikkje bading ved svømmebasseng i Syden så lenge ein har dren.

ØYRESKYLJING

**Øyrebetennelse med renning
og puss blir behandla med
øyreskyljing.**



- Kok opp saltvatn av 1 liter vatn tilsett ei matskei salt, avkjøl til ca. 37 °C (det skal vere lunka).
- På apoteket får du kjøpt ein liten gummiballong med spiss tut. Denne fyller du med lunka saltvatn for skyljing. Du kan oppbevare saltvatnet eit døger under lokk i kjøleskap.
- Spyl øyregangen forsiktig rein for puss. Du må gjerne fylle 3-4 gonger ved kvar skyljing.
- Skyll ca. to gongar kvar dag i 4-5 dagar. Etter 5 dagar med øyreskyljing (evt. tidlegare om barnet har smerter/feber) tar du kontakt med ØNH-lege for kontroll.
- Unngå å bruke Q-tips eller å pirke inn i øyet.

